



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19259 - 21/24453

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:
13.04.2021

Avgjerd om utsatt iverksetting - gbnr 83/1 Spjotøy

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 83/1
Tiltakshavar: Sindre Nævdal
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 10.03.2021. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje. I denne saka gjeld det oppføring av eit dobbel naust. Strandsona er underlagt eit særskilt vern og det vil vere uheldig om det vert opna for bygging før klagesaka er endeleg avgjort.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.
- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Sindre Nævdal
Statsforvaltaren i Vestland

Kvalen 16
Sørbråtagata 12
Njøsavegen 2

5955 LINDÅS
3340 ÅMOT
6863 LEIKANGER